



Årsmelding Eid kyrkjelege fellesråd 2018

1. Innleiing

Året 2018 har vore eit aktivt arbeidsår. Det har vore arbeidd med fleire restaurerings- og vedlikehaldsprosjekt på kyrkjegardar og gravplassar.

I staben slutta ungdomspresten i august for å fullføre utdanninga si og det har ikkje lukkast å få nokon ny i stillinga. Når vi er utan både ungdomsprest og trusopplærar vert belastninga større på resten av staben – sjølv om mange oppgåver vert løyste ved bruk av vikarar.

Kyrkjegardsarbeidar Finn Arve Sundal slutta ved årsskiftet etter 23 års teneste. Utanom dette har det vore stabil bemanning i dei fellesrådstilsette stillingane.

Arbeidet med å skape nye Stad Kyrkjelege Fellesråd (Selje-Eid) har naturleg nok vore ei prioritert oppgåve som har teke mykje tid dette året

2. Fellesråd og tilsette

2.1 Fellesrådet

Fellesrådet har i 2018 vore samansett slik:

Frå Eid sokn:

Berit Heien Heggen
Ulf-Inge Kjerpeseth – leiar

Pers. varamedl. Kari Standal Pavelich
Pers. varamedl. Dag Inge Dæmring

Frå Stårheim sokn:

Kjartan Myrold
Tone Lillian Stokke - nestleiar

Pers. varamedl. Arnstein Ivesdal
Pers. varamedl. Reidun Borgestrand

Frå Kjølsdalen sokn:

Lars Frode Humborstad
Dianne Eikås

Pers. varamedl. Merete Duestøl
Pers. varamedl. Caroline Erviksæter

Eid kommune sin representant:

Arild Nøstdal

Pers. varamedl. Sissel Helen Ommedal

Geisteleg representant:

Prost Rolf Schanke Eikum

Pers. varamedl. Olaf Sig. Gundersen

Fellesrådet har hatt 4 møte og handsama 30 saker i 2018.

2.1.1 Underutval i fellesrådet

Fellesrådet har hatt følgjande underutval:

- Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval):

Fellesrådet sine representantar: Berit Heien Heggen - leiar, Ulf-Inge Kjerpeseth – nestleiar, Lars Frode Humborstad, vara Tone Lillian Stokke. Tilsette sin representant: Finn Arve Sundal, vara Bjørg Risøy.

Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2018.

- Forhandlingsutval/tingingsutval:

Medlemmer: Berit Heien Heggen - leiar, Ulf-Inge Kjerpeseth, vara Kjartan Myrold.

Utvælet har heller ikkje hatt møte i 2018.

Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet/tingingsutvalet.

2.2 Tilsette

Kyrkjeverje/dagleg leiar	Kristen Hundeide	100%
Organist II	Ingvard Sundal	20%
Sekretær	Marta Jenny Elvebakke	50%
Ungdomsprest	Kaare Michael Christoffersen	100% (til 31.08.18)
Ungdomsarbeidar	Jakob Leivdal Haavik	20% (frå 01.08.18)
Kyrkjegardsarbeidar	Finn Arve Sundal	100% (til 31.12.18)
Kyrkjegardsarbeidar	Harald Aardal	100% (frå 01.01.19)
Kantor	Ralph Cupper	100%
Trusopplærar (vikar)	Ingve Elvebakke	inntil 20% (engasjement)
Musikalsk barne- og ungdomsarbeidar	Asbjørn Eikenæs	20% (engasjement)
Kyrkjetenar	Bjørg Risøy	80%
Kyrkjetenar	Knut Hans Røed	7,1 %
Kyrkjetenar	Stian Andre Hundeide	11%
Kyrkjetenar	Randi Heggheim	15%

Sekretæren ved kyrkjekontoret utfører også sekretærteneste for prosten i Nordfjord.

Prosten har færre gudstenester i Eid, og reiser meir i heile prostiet. Prostestillinga har kontorstad ved Eid kyrkjekontor. Då prosten bur i Ørsta har han no færre heile kontordagar her enn tidlegare. Dette, saman med innføringa av arbeidstidsplanleggaren «Tid», har medført auka arbeidsmengd for sekretæren. Sekretæren har hatt auka stilling på timebasis for å følge opp trusopplæringsarbeidet og utføre oppgåver for kyrkjeverja; som også er prosjektleiar for etablering av Stad Kyrkjelege Fellesråd.

Trass i fleire runder med utlysing av stillinga har det ikkje lukkast å få tilsett ny sokneprest i Eid og Stårheim sokn. Både fellesråd og tilsette er difor svært glade for at pensjonert sokneprest Olaf Sigurd Gundersen framleis er villeg til å påta seg vikarteneste som fungerande sokneprest hos oss!

Ungdomsprest Kaare M. Christoffersen og vikarprest Olaf Sigurd Gundersen delte ansvaret for konfirmantundervisninga fram til konfirmasjonane våren 2018. Frå hausten av har Olaf Sig. Gundersen hatt ansvaret åleine.

Jakob Leivdal Haavik er tilsett i 20% stilling som ungdomsarbeidar frå 1. august 2018, med Nattkafeen som hovudansvar.

Vi har ikkje lukkast i å få tilsett fast trusopplærar og Ingve Elvebakke er difor tilsett i eit engasjement for å utføre nokre av oppgåvene saman med resten av staben.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i 20% stilling som er finansiert av trusopplæringsmidlane. Asbjørn er ein uvurderleg musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor og ved Babysongen – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg.

Kyrkjegardsarbeidar Finn Arve Sundal slutta ved årsskiftet 2018/2019. Finn Arve har vore tilsett på gravplassane i Eid sidan 1996. Eid Kyrkjelege Fellesråd takkar Finn Arve for godt og trufast arbeid – og ynskjer han all mogleg lukke til som pensjonist! Harald Aardal er no fast tilsett i stillinga som kyrkjegardsarbeidar.

Ralph J. Cupper er kantor i Eid i 100% stilling. Ingvard Sundal er tilsett som Organist 2 i 20% stilling.

Bjørg Risøy har 80% stilling som kyrkjetenar. Ho er kyrkjetenar ved alle kyrkjelege handlingar i Eid kyrkje og fast kyrkjetenar i Stårheim kyrkje ved gravferder, vigslar o.l. Knut Hans Røed er kyrkjetenar i Stårheim ved vanlege gudstenester.

I Kjølsdalen kyrkje er Randi Heggheim kyrkjetenar og Stian Andre Hundeide er kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje.

Johannes Nome har teke seg av planting på, og stell av, gravene som har avtale om gravfond. Han har sagt frå seg dette arbeidet etter 2018. F.o.m. 2019 må vi difor finne ei anna løysing på gravstell – og det medfører truleg ein vesentleg auke i betalinga for gravstellavtalene.

2.2.1 Arbeidsmiljø og personalarbeid

Å arbeide for betre samhandling og meir teamkjensle i staben er ei utfordring i ein arbeidsstokk med mange deltidstillingar, der arbeidsplassane i tillegg er ulike. I året som har gått har vi lagt mykje vekt på at vi alle skal føle at vi er ein del av ei samla eining – sjølv om staben er samansett av personar med to forskjellige arbeidsgjevarar. Ved hjelp av godt samarbeid frå både prestane og dei tilsette i fellesrådet føler vi at vi har lukkast med dette. Særleg i eit år med utskifting og vikarteneste i prestestillinga er det svært gledeleg å sjå at dei nye som kjem inn finn seg godt til rette og vidarefører det gode samarbeidet som føregjengarane hadde. Arbeidsmiljø og samarbeid mellom dei kyrkjeleg tilsette er soleis godt. Kvar tysdag føremiddag er det stabsmøte på kyrkjekontoret. Der deltek dei som er tilsett i høgst prosent stilling (40% eller meir). Eid Kyrkjelege Fellesråd takkar både prestane og dei fellesrådstilsette for godt og konstruktivt arbeid, og samarbeid, i 2018.

2.2.2 Likestilling

I likestillingslova § 1a er det nedfelt at offentleg verksemd skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innafor si verksemd. I offentleg sektor er det krav om å gjere greie for likestillingssituasjonen i verksemda og kva som vert gjort i den samanheng.

Ved utgangen av 2018 var det 12 tilsette i Eid kyrkjelege fellesråd, 3 kvinner og 9 menn. Det er mange deltidsstillingar.

Ved avlønning følgjer ein hovudtariffavtala for KA sitt tariffområde - som er kjønnsuavhengig.

3 Prosjekt og faste tiltak

3.1 Oversikt over gjennomførte og planlagde oppgåver i kyrkjer og på kyrkjegardar

Stårheim kyrkje. Arbeidet med å montere 2 lyspunkt på gravplassen på nordsida av elva, samt 1 lyspunkt på den delen av gravplassen som ligg nærmest brua ved RV 15 vart utført i 2018. Det er også inngått avtale med Kinn Hage- og Trepleie om beskjering av dei to store trea ved porten i kyrkjegardsmuren aust for kyrkja.

Heggjabygda kyrkje. Hausten 2018 vart det etter anbodsutlysing inngått avtale med Stårheim Bygg AS om oppføring av nytt sanitærbygg ved kyrkja. Dette har vore «på tapetet» i svært mange år – og det er gledeleg at det no endelig vert realisert! Arbeidet vert utført våren 2019 og det vert no montert WC med avløp til lukka tank som vert tømd etter behov. På denne måten oppnår vi både å få moderne toalett-tilhøve samstundes som det ikkje er fare for avsig til, og ureining av, Hornindalsvatnet.

Samstundes som dette prosjektet vert gjennomført er det også planlagt å få opparbeidd betre parkeringsareal, få måla det som står att øvst på kyrkja, samt å få vølt og måla tårnet.

Kjølsdalen kyrkje. Her er det borte eit par takstein på tårnet. Dette er så høgt oppe at det er uråd å kome til med «vanlege» hjelpemiddel som t.d. lift. Det er difor dialog med HS Bygg i Stryn om leige av kranbil med arbeidskorg for å få dette utført. Heldigvis er det ikkje lekkasje i taket sjølv om desse taksteinane manglar.

I alle kyrkjene vil det vere tenleg med fjernstyring av varmen. Dette vil då kunne bli styrt frå kyrkjekontoret via data. Kostnaden med dette er likevel slik at det førebels ikkje kan prioritert i ”konkurranse” med andre, og heilt nødvendige, prosjekt.

Eit prosjekt som vil bli prioritert framom fjernstyringa er utskifting og/eller beskyttelse av rørovnane under kyrkjebenkane i alle kyrkjene. Særleg viktig er det å få skjerma desse slik at særleg born ikkje får brannskader om dei skulle vere uheldige å ta på ovnane.

Automatiske ringeanlegg i kyrkjene stod derimot på investeringsplanen frå 2017. Dette vart utsett både av kapasitetsomsyn og uvisse omkring det økonomiske berekningsgrunnlaget.

Nokre av midlane vart omdisponerte til andre tiltak. Løyvingane vert oppsette i eit seinare år i investeringsplanen 2019-2022.

Kyrkjegardane. Det er utarbeidd framlegg til reguleringsplan for utviding av kyrkjegarden i Kjølsdalen som også omfattar alt noverande areal med kyrkje og gravstad, samt arealet på nordsida av vegen i samsvar med arealdelen i kommuneplanen. Det er gjennomført både støyanalyse for det tiltenkte nye arealet og grunnboring for å undersøkje mogleg leire i grunnen.

Reguleringsframlegget har vore ute til høyring og ligg no hos Eid kommune til endelig handsaming. Planen er å få dette handsama i kommunestyret før sommarferien 2019. Først når reguleringsplanen er stadfesta kan vi lyse arbeidet ut på anbod.

Det er sett av midlar til vedlikehald/skifting av bordkledninga på Sambraut klokketårn. Bordkledninga er innkjøpt, måla med grunningsmaling og ligg lagra i redskapshuset på Sambraut. Det skal også utførast ein del utbetring på bygget, særleg ved inngangsdøra. Arbeida vert utførte i 2019.

På Stokkenes har ein vore svært plaga med at rådyr øydelegg og et opp blomar og dekorasjonar på gravene. Dei har også grave opp løk som er planta ved gravene. Både pårørande til dei gravlagde og våre tilsette opplever dette som svært vondt. Det er difor gjennomført eit forprosjekt der ulike løysingar for å unngå dette vart vurdert. Ein kom fram til at inngjerding av gravplassen er det sikraste tiltaket. Etter anbodsutlysing er det inngått avtale med Norsand AS om utføring av arbeidet. Dette vert gjort våren 2019.

3.2 Minikonfirmantarbeid

Denne aktiviteten vart tidlegare utført av kateketen saman med ungdomsprest og musikalsk barne- og ungdomsarbeidar. Etter at både kateket og ungdomsprest har sluttar er det dei fellesrådstilsette som har overteke ansvaret for å få tiltaka gjennomført i samarbeid med prestar og frivillege.

3.3 Ungdomsarbeidet, Nattcafe og Ung Messe

Nattcafeen har vore i jamn drift heile 2018. Tiltaket har ei fin utvikling, miljøet på fredagskveldane er godt og oppslutninga om nattcafeen er aukande. Etter at ungdomsprest Kaare sluttar i august har vi tilsett Jakob Haavik i 20% stilling som ungdomsarbeidar med hovudansvar for nattcafeen. Der er også ein kjerne av «vaksne» ungdomar som deltek på fredagskveldane; og som kan avlaste ungdomsarbeidar ved behov. Nattcafeen har tidlegare år motteke pengegåver som skal nyttast til opprusting og fornying av utstyr og lokale. Særleg ungdomsrommet i 2. etasje treng opprusting. Av kapasitetsomsyn er ikkje arbeidet utført i 2018 – men midlane er avsette på fond og arbeidet vert utført på etterjulswinteren 2019.

Ung Messe hadde tidlegare ein eigen komité under leiing av ungdomspresten. Frå 2017 har det vore Ung Messe ein gong i månaden som ei av dei forordna gudstenestene. Gjennom dette maktar vi m.a. å følgje pålegget frå biskopen i Bjørgvin om å ha gudsteneste i Eid kyrkje kvar søndag sjølv om vi ikkje får tilfört auka ressursar. Etter august månad har det vore berre ei Ung Messe grunna ressursmangel.

Eid Felleskor er eit ungdomskor kantor nyttar ved ymse gudstenester. Sjå meir under 3.6 «Kyrkjemusikalsk arbeid».

3.4 Trusopplæring

Det har diverre ikkje lukkast å rekruttere kvalifisert personale i stillinga som kyrkjelydspedagog/kyrkjelydsarbeidar og vi gjennomfører no trusopplæringsarbeidet ved at dei andre i staben må ta større ansvar, samstundes som vi har tilsett Ingve Elvebakke i eit engasjement som kyrkjelydsarbeidar. Særleg sekretären på kyrkjekontoret, Marta, er sentral når arrangement skal planleggast og gjennomførast.

Når alle tiltaka skal setjast ut i livet, merkar vi endå sterkare trøngen for frivillige hjelparar. Sjølv om både prestane og dei fellesrådstilsette gjer alt dei kan, er det ikkje mogleg for oss å rekke over alt. Det er difor svært viktig for å lukkast med trusopplæringsarbeidet at sokneråda kjenner ansvar for, og tek aktivt del i, både planlegging og gjennomføring.

I Eid har vi godkjent plan for trusopplæringa i alle sokna våre – og denne er evaluert og justert i 2018. Trusopplæringsnemnda har drøfta planen i møte i 2018 – og denne nemnda vert sentral når tiltaka no skal iverksettast i 2019.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar. Desse midlane er ikkje nok til å finansiere både løn til tilsette og materiell til dei ulike tiltaka. Det er difor etablert eit samarbeid med sokneråda om finansiering av meirkostnaden dei åra dette er aktuelt. Fellesrådet må også ha midlar til trusopplæringa innanfor eige budsjett.

Det finst ein eigen nettportal for trusopplæringsarbeidet på www.kyrkja.no under logoen Størst Av Alt. Fellesrådet nyttar også denne nettparten til årleg rapportering av tiltak og økonomi.

Elles gjennomførte vi også i 2018 ”HalloVenn” i Eid Idrettshus 31. oktober, som alternativ til tradisjonell Halloween-feiring. Vi er svært tilfreds med deltaginga som viser at det var ca. 1000 - 1100 personar som var innom arrangementet! Dette tyder at det er både behov og interesse for dette tiltaket. Sidan 2017 har sokneråda vore sterkt involverte i planlegging og gjennomføring. Dei har sjølv plukka ut område dei ynskte å ha ansvar for og stille mannskap til. Dette er, saman med samarbeid med frivillige organisasjonar, heilt avgjerande for arrangementet. Sekretær Marta Elvebakke var likevel den som koordinerte alle aktivitetar og avtaler. Saman med både andre fellesrådstilsette og frivillige har vi eit team som syter for at ting fungerer som dei skal, nødvendige avtaler vert gjort og nødvendig materiell vert innkjøpt. Dette fungerer svært godt – og vil nok bli «mal» for framtidige arrangement. Fellesrådet vil gje honnør og stor takk til både sokneråd, tilsette og frivillige som legg ned mange arbeidstimar i planlegging, førebuing og gjennomføring!

3.5 Nettsider for Kyrkja i Eid

Nettsidene våre er til stor glede og nytte i arbeidet. På desse sidene har vi m.a. lagt ut informasjon om kyrkjene våre, om gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, om aktivitets-/kulturtildelning i Kyrkja sin regi og om tilsette og medlemer i sokneråda og fellesrådet. Nettsidene er også eit nyttig reiskap for å få ut informasjon t.d. ved kyrkjeval, jubileum og liknande. Etter at vi også linka dette opp til Facebook-sida vår har vi nådd ut til endå fleire. Sokneråda har også eigne facebook-sider. Vi vonar mange nyttar nettsidene våre – og «like» Facebook-sida vår. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar på endring og/eller forbetring. Nettsidene finn ein på www.eid.kyrkja.no og/eller www.eid.kirken.no

3.6 Kyrkjemusikalsk arbeid

Det er lagt ned mykje tid og krefter i å revitalisere det kyrkjemusikalske arbeidet. Særleg har kantor, Ralph Cupper, arbeidd mykje med dette. Soknerådet har nedsett eit eige musikkutval som har hovudansvar for både konsertar/tilstellingar i soknerådet sin regi. ”Aftenmusikk” er eit tiltak som var tradisjon i mange år. Eid Sokneråd har økonomistyringa for dette. Både soknerådet og fellesrådet har bidrige med midlar. Det vart etter kvart så arbeidskrevjande å få inn sponsormidlane som trengst for å kunne engasjere musikkarar og songarar at musikkutvalet valde å ikkje lenger arrangere dette på same måte som tidlegare. Ein har i staden arrangert konsertar gjennom heile året – og særleg knytt til høgtidene som jul, påske og pinse. Frå 2019 vert vi også utfordra på å ha korte konsertar i kyrkja i alle fall nokre av dagane det ligg cruise-skip på Eid.

Kantor driv elles orgelklubben for dei som er interesserte i å lære orgelmusikk. Han driv også ungdomskoret «Eid Felleskor» som m.a. har delteke ved fleire gudstenester.

3.7 Faste tiltak

Dei tilsette arbeider med mange tiltak som går igjen år for år. Ein del tiltak, som t.d. ungdomsarbeid og dåpsopplæring, er no samkjørt med trusopplæringsarbeidet. Felles for alle tiltaka er at vi har engasjerte tilsette som gjer ein stor jobb med små ressursar. Vi er no komne til eit punkt der arbeidsbelastninga på dei tilsette er så stor at vi ikkje kan påta oss å starte nye tiltak utan å få avlastning med eksisterande tiltak – enten ved at andre tek over desse tiltaka

eller at dei rett og slett vert avvikla. Meir omtale av dei enkelte tiltaka vil finnast også i årsmeldingane for sokneråda.

3.8 Andre utførte oppgåver

I samband med registrering av feste av gravminne, har ein funne fram til gravminne som ein ynskjer å ivareta, sjølv om festar seier ifrå seg sitt festeansvar. Eid kyrkjelege fellesråd står då som festar.

4 Samarbeid med andre

4.1 Kommunen og andre

Eid kyrkjelege fellesråd samarbeider med Eid kommune, særskilt innan løns- og rekneskapsføring, men og i forhold til uteseksjonen i driftsavdelinga. Det er også samarbeid om breiband/data. Det er utarbeidd tenesteytingsavtale med Eid kommune.

4.2 Sokneråda

Ein har prøvd å halde leiarmøte 1 gong i halvåret. Her deltek soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjeverje. Møta er nyttige for informasjonsutveksling og for å samkøre aktivitetar. Det var berre 1 slikt møte i 2018.

4.3 Samanslåing Eid-Selje

Kommunane Selje og Eid vert nye Stad kommune frå 01.01.2020. Dei kyrkjelege fellesråda i dei to kommunane vert også til nye Stad Kyrkjelege Fellesråd frå same tidspunkt. Etter Kyrkjevalet hausten 2019 skal det veljast representantar frå sokneråda til det nye Stad Kyrkjelege Fellesråd. I tillegg til dei noverande sokna i Selje og Eid vil vi også få tilført Bryggja/Totland sokn frå Vågsøy frå 2020.

Arbeidet med samanslåinga er stort sett i rute. Det er nedsett ei kyrkjeleg fellesnemnd som har ansvar for framdrifta i arbeidet. Denne nemnda er samansett av 4 medlemer frå kvart av dei to fellesråda + prosten i Nordfjord. Frå Eid er Ulf-Inge Kjerpeseth, Berit Heien Heggen, Tone Lillian Stokke og Lars-Frode Humborstad medlemer i nemnda. Leif Johnny Prestvik (Selje) er leiar av fellesnemnda og kyrkjeverje i Eid, Kristen Hundeide, er tilsett som prosjektleiar for samanslåingsarbeidet. Nemnda har også oppnemnt eit partssamansett utval der både arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida er representert. Dette utvalet skal handsame, og gje tilråding i, alle saker som berører tilhøvet mellom tilsette og arbeidsgjevar. Marta Elvebakke (Eid) og Per Røyset (Selje) representerer dei tilsette i dette utvalet.

Den kommunale fellesnemnda har stilt midlar til rådvelde for kyrkjeleg fellesnemnd til samanslåingsarbeidet.

I 2018 har mykje av arbeidet bestått i å få nødvendig oversyn over omfang og tilstand på bygningar, anlegg og utstyr i dei to fellesrådsområda samt Totland kyrkje og gravplass som vert ein del av nye Stad frå 2020. Dette er nødvendig for både å kunne beregne framtidig vedlikehaldsbehov samt prioritere investeringsprosjekt.

Frå årsskiftet 2018/2019 er planen fyrst å få tilsett kyrkjeverje i det nye fellesrådet, og deretter plassere dei tilsette inn i den framtidige organisasjonen. Ei slik samanslåing er definert som «verksemldsoverdragning» - og dette betyr at ingen tilsette misser jobben som følgje av sjølv samanslåinga.

Det er positiv haldning til samanslåinga, og det nye fellesrådet som skal skapast, frå både sokneråd og tilsette. Både fellesrådstilsette og bispedømetilsette deltek i

drøftingar/informasjon om arbeidet og legg vekt på å skape ein felles stab sjølv om vi er to arbeidsgjevarliner. Vi arrangerte «kickoff-samling» for alle på Hotel Alexandra og Hoven Loen i månadsskiftet mai/juni. Dette var noko alle sette pris på og det la eit godt grunnlag for samhandling vidare.

5 Økonomi

Rekneskapen viser at det for 2018 er eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 433.918,46. Ei av årsakene til dette er at vi ikkje har hatt fast tilsett trusopplærar dette året; og frå august heller ikkje ungdomsprest. Sjølv om vi har løyst dei fleste oppgåvene ved bruk av vikarar og engasjement er det likevel ei innsparing på personalkostnadane i høve til tidlegare år. At vi har kunna nytte eigne tilsette til å utføre deler av oppgåvene i fleire investeringsprosjekt er og eit viktig bidrag til årsresultatet; då vi kan overføre kompensasjon for lønsutgiftene frå investeringsprosjekta til driftsrekneskapen. I 2018 var denne overføringa på kr. 227.850,-. Dette er ført på post 17800 «Interne overføringer» på teneste 39300 «Kyrkjegardar».

Overskotet for 2018 kr 433.918,46 vert tilrådd avsett til disposisjonsfond. Disponering av overskotet vert fastsett ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2018.

Festeavgifter for graver er betydeleg høgare enn budsjettet. Festeavgiftene blei justerte for 2018 og sette på same nivå som i Selje, som vi skal slå oss saman med frå 2020. Dette fører til høgare inntekter enn budsjettet – og det fører også til at vi få frigjort fleire gamle graver til gjenbruk fordi festarane ikkje lenger vil halde på gravene når kostnaden aukar.

Driftsprosjekt 5020 «Innbrot Eid kyrkje» vart i praksis avslutta ved årsoppgjeret for 2017. Den skuldige var dømd til å betale Eid Kyrkjelege Fellesråd kr 100 000,- i erstatning – men vi fann det ikkje tilrådeleg å inntektsføre dette som uteståande fordring. I 2018 fekk vi likevel kr 8.143,- frå Statens Innkrevingsentral som del av denne erstatninga. Dette er inntektsført på post 17700 «Refusjon frå andre» under teneste 39100 «Kyrkjer».

På teneste 39200 ”Anna kyrkjeleg verksemd” går trusopplæringa med eit overskot på kr 62.238, som er avsett på bunde driftsfond. Vi har difor ikkje kravd sokneråda for bidrag til dekking av utgifter til «Trusopplæring» dette året. Overskotet skuldast hovudsakleg at vi har lågare lønsutgifter grunna vakanse i stillingane som trusopplærar/kyrkjelydsmedarbeider og ungdomsprest. I tillegg har vi sjølve skaffa oss ein del inntekter gjennom arrangement/tiltak. Post 11900 «Husleige» er også vesentleg lågare enn budsjettet i 2018. Dette skuldast m.a. at mest alt av både konfirmantundervisning og trusopplæringstiltak er lagde til kyrkjene.

Det står kr 395.754,60 på bundne driftsfond. Av dette utgjer «Kurs i Nordfjord prosti» kr 29.111,44, «Eid Diakonat» kr 5.677,20, «Nattcafeen Eid» kr 58.404,39, «Helgefred» kr 26.544,69 og «Prostidiakon Nordfjord» kr 20.000,-. På driftsfondet for «Samanslåing Selje-Eid» står kr 172.918,56 ved årsskiftet.

Det er oppretta fond for «Gåver til Eid kyrkje» og «Gåver til Stårheim kyrkje». Dette fordi nokre familiar vel å be om gåver til kyrkjene i staden for blomar ved gravferder. Til saman står det kr. 20.859,88 på desse to fonda ved årsskiftet.

For «Kyrkjeleg administrasjon» er lønsutgiftene 7,6 % høgare enn budsjett, i «Kyrkjene» 1,0 % over budsjett og for «Anna kyrkjeleg verksemd» 23 % under budsjett. For «Kyrkjegardar» kan det sjå ut som vi har eit overforbruk på 35,5 % av lønsmidlane p.g.a.

utgiftene til vikar/ekstrahjelp. Dersom ein tek omsyn til refusjon av lønsmidlar frå investeringsprosjekta, viser det seg at overforbruket er redusert til 1,3 %.

Totalt gjev dette eit meirforbruk på lønsbudsjettet på kr 122.873,- (løn minus refusjonar frå NAV) for 2018. Korrigert for refusjon av lønsmidlar frå investeringsprosjekta vert det eit mindreforbruk på kr 104.977,-.

Det er totalt inntektsført kr 22.886,- i refusjonar ved sjukdom og foreldrepermisjon.

Utgiftene for straum er 8,5 % høgare enn budsjett – og auken skuldast hovudsakleg høgare straumprisar enn føresett. For adm./kontor er utgiftene 15 % høgare enn budsjett, medan utgiftene for kyrkjene er 5% høgare enn budsjett. For kyrkjegardane er straumforbruket 12 % høgare enn budsjett. Det er kyrkjene som står for størstedelen av straumforbruket.

Det er oppretta eit stort nytt investeringsprosjekt i 2018: Inngjerding av Stokkenes gravplass. Etter anbodsinnhenting har fellesrådet godkjent entreprenør og også finansiert prosjektet ved omdisponering av midlar som var avsett til regulering av Eid kyrkjegard.

Også sanitærbygg i Heggjabygda vart meir kostbart enn føresett. For å få gjennomført prosjektet har fellesrådet tilleggsfinansiert dette ved omprioritering av midlar frå restaurering av taket i skipet i Eid kyrkje.

Ubrukte investeringsmidlar er sett av til ubundne investeringsfond i balanserekneskapen. Det står no til saman kr 4.341.095,66 på ubundne investeringsfond. Dette er investeringsmidlar, t.o.m. 2018, som er avsett, men enno ikkje brukt.

6 Avslutning

2018 var eit år der vi m.a. har vore nøydde til å tenkje nytt og fordele oppgåvene på andre måtar for å få utført tenestene vi er pålagde. Dette skuldast at vi har mangla personale i sentrale stillingar deler av året. Det er både gledeleg og imponerande at tilsette tek på seg både ekstra ansvar og nye oppgåver - og løyser dei på ein framifrå måte, sjølv om dette ligg utanfor eige kompetanseområde!

I trusopplæringa vert det soleis lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å utvikle og iverksetje tilboda for alle aldersgrupper. Både prestar og andre tilsette fortener stor ros for innsats og entusiasme i trusopplæringsarbeidet! På grunn av personalmangel var det likevel nokre tiltak som ikkje kunne gjennomførast i 2018.

Web-sider og facebook-sider vert ein stadig viktigare reiskap for å få ut informasjon og for å kommunisere enkelt med t.d. konfirmantar. Det er også gledeleg at våre heimesider var blant dei mest besøkte i heile bispedømet, utanom Bergen, også i 2018. Dette er eit prov på at både web-sider og facebook-sider fungerer; og at folk finn nyttig og tenleg informasjon her! Kontormedarbeidar har vore, og er, ein svært viktig faktor for å halde desse sidene oppdaterte. Vi vonar at vi kan makte å utvikle desse informasjonskanalane stadig vidare til felles nytte og glede.

Det mest krevjande i 2019 vert truleg å få rekryttert nye medarbeidarar i stillingane som sokneprest, ungdomsprest og trusopplærar/kyrkjelydspedagog.

Ei anna omfattande oppgåve er å fullføre samanslåing av fellesråd og stabar i Selje og Eid. Her har den kommunale fellesnemnda løyvd prosjektmidlar til kyrkjeleg fellesnemnd for å gjennomføre samanslåingsprosessen.

«Kartleggingsfasen» er no over og det er «gjennomføringsfasen» som står att. Samordning av alle program, oppseing av eksisterande avtaler og inngåing av nye, samt avgjere stillingar,

ansvarsområde og arbeidsplass for dei tilsette er krevjande oppgåver. Overtaking av ansvar for kyrkje og kyrkjegard på Totland kjem i tillegg, men her har vi heldigvis eit godt og konstruktivt samarbeid med Vågsøy. Det mest omfattande og krevjande vert truleg likevel å få fastsett dei økonomiske rammene for investering og drift frå den nye kommunen. Ekstra krevjande reint tidsmessig vert det også at det er kyrkjeval i september 2019.

Av utviklinga på kollekt og gavemedilar ser vi at det var rett å få på plass elektroniske betalingsløysingar. Alle sokneråda har no skaffa seg tenesta «Vipps» til offerføremål – og vi er spente på kva resultat dette vil gje over tid. Fellesrådet har skaffa i-Zettle som er ei enkel og effektiv kortløysing. Dette har vi hatt stor nytte av ved arrangement og nattkafe.

Dei største investeringsprosjekta som no er prioritert, er gjennomføring av utbetring av parkeringstilhøva og toalett-tilhøva ved Heggjabygda kyrkje, samt gjennomføre inngjerding av Stokkenes gravplass. Begge desse prosjekta har vore anbodsutlyst og er godkjende og finansierte av fellesrådet. I Heggjabygda skal fullføring av målingsarbeidet og skifting av noko bordkledning på kyrkja, som diverre ikkje kunne fullførast i 2018, også gjerast samstundes som bygging av sanitærbygg og parkeringsareal.

I Kjølsdalen har 2. gongs framlegg til reguleringsplan for både det noverande og planlagde kyrkjegardsområdet vore ute til høyring og ligg no hos kommunen til endeleg handsaming. Realistisk framdrift for dette er å få det handsama i kommunestyret i juni 2019.

Bordkledninga på Sambraut klokketårn vert skifta tidleg i 2019.

Vi ser at nokre av investeringsprosjekta også i komande år er slik at vi kan nytte eigne tilsette til deler av arbeidet. Resten er lyst ut på anbod. Kor stort rom det vil vere for å nytte eigne tilsette vil variere frå år til år og det vert difor ikkje budsjettert med dette.


Fellesrådet har ein stab som er effektive og utfører oppgåvene sine på ein god måte. Vi har også vist at vi ser moglegheiter for alternativ utnytting av ressursane for å utføre tenestene sjølv om vi i periodar har mangla fagleg kompetanse på nokre område.

Vi har og ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Eid kyrkjelege fellesråd vil takke spesielt tilsette ved personalavdelinga og økonomiavdelinga i Eid kommune for god hjelp og støtte i 2018.

Med tilvising til det som er nemnt ovanfor kan fellesrådet sjå tilbake på nok eit aktivt år og kan ta fatt i utfordringane som ventar. Vi vonar at vi saman med fellesråd og stab i Selje kan bygge ei ny eining som styrker det kyrkjelege arbeidet. Vi vonar også at den nye Stad kommune tilgodeser oss med tilstrekkelege økonomiske rammer til at Kyrkja framleis kan nå ut med gode tenester til folket.

Nordfjordeid, 22.05.2019


Ulf-Inge Kjerpeseth
Leiar Eid kyrkjelege fellesråd


Kristen Hundeide
Kyrkjeverje i Eid